



Langevåg barnehage  
FRA A TIL Å

## Avdelingar

- Barnehagen er ein avdelingsbarnehage og består av 6 avdelingar. Barnehagen er godkjent for barn i alderen 0-6 år. Avdelingane har fargenavn knytt til utforminga av barnehagen, Blå, Grå, Oransje, Raud, Grøn og Gul.

## Allergiar

- Dersom barnet ditt har allergiar er det viktig at vi får god informasjon om det.

## Barnemappe

- Alle barn i Langevåg barnehage har ei barnemappe som inneholder bilder, teikningar, dokumentasjon av progresjon til barnet m.a. mappa verte delt ut når barnet sluttar i barnehagen.

## Barnehageopptak

- Sula kommune har felles samordna barnehageopptak, opptaket gjeld kommunale og private barnehagar. Ein kan og sende inn søknad om barnehageplass utanom hovedopptaket og vil då få tildelt plass om barnehagen har ledig kapasitet.

## Barnehageplasser

- I Langevåg barnehage tilbyr vi 5 dagersplass, 4 dagers plass og 3 dagersplass. Ein kan søke om endring av type plass i løpet av heile året.

## Bleier

- Barn som bruker bleier tar med bleier til barnehagen sjølv.

## Brannøving

- Barnehagen har fleire brannøvingar i løpet av eit barnehageår, både varsla og uvarsla øvingar.

## Bursdagsfeiring

- I barnehagen vår er vi opptatt av sunne matvaner. Vi markerer barna sin bursdag med ein sunn meny der barna får velge kva dei ønska å få servert på dagen sin. Dagen for øvrig vert feira med pomp og prakt på avdelinga til barnet!

## Bærekraftig utvikling/gjenbruk

- I barnehagen vår er vi opptatt av gjenbruk og bærekraft. Vi arrangerer bytte/kjøpe-dagar 2 gongar pr år. Her kan familiane i barnehagen få selge og kjøpe flott klede til ein rimelig sum.

## Dugnad

- Det kan bli arrangert dugandar gjennom eit barnehageår.

## Dagtavle

- Alle avdelingane nyttar dagtavle i kvardagen. Ei dagtavle er synlig for alle barna på avdelinga og gir dei ei synlig oversikt over kven vaksne som er på jobb den dage, kva aktivitetar skal gjennomførast og kven av dei andre barna som er i barnehagen.

## Fagområda i rammeplanen

- I rammeplanen har ein sju ulike fagområder som barnehagekvardagen skal bestå av.
  - Kommunikasjon, språk og tekst
  - Kropp, rørsle, mat og helse
  - Kunst, kultur og kreativitet
  - Natur, miljø og teknologi
  - Etikk, religion og filosofi
  - Nærmiljø og samfunn
  - Tal, rom og form

## Foreldremøter

- Vi ønsker å arrangere 2 foreldremøter pr barnehageår, eit om haust og eit på våren. Møtet på hausten er satt til avdelingane og er ofte i september, etter barnehaoppstart i august. Foreldremøte på våren ønsker vi skal vere knytt til eit aktuelt tema, ofte har vi då eksterne til å holde møtet.

## Foreldresamarbeid

- Vi ønska eit tett og nært foreldresamarbeid med foreldregruppa i barnehagen vår. Det er viktig for oss med tett dialog og informasjonsflyt mellom heimen. Ta kontakt om det er noko De lurar på, på avdelinga, med styrar eller personalet.

## Foreldreråd

- Foreldrerådet i barnehagen er alle føresette til barna i barnehagen.

## Førskulegruppe

- Førskulebarna skal få ei moglegheit til å glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Faste tur dagar og faste dagar med førskuleaktivitetar kvar veke. Alltid ein fast vaksen frå avdelinga som følger førskulegruppa kvar veke.

## Fotografering

- Barnehagen har fotografering mai/juni kvart barnehageår. Det er alltid opp til kvar enkelt om ein vil delta på fotograferinga og om ein ønska å kjøpe bilda.

## Feriereglar

- Juli er betalingsfri månad. Barna må derfor avvikle 4 ferieveker pr barnehageår, 3 av desse vekene skal taksat i skuleferien si ferietid.

## IST

- Barnehagen bruker IST direkte i kommunikasjon med heimen.

## Instagram

- Barnehagen har eigen instagramkonto - her legg vi ut bilder frå kvardagen vår.

## Klede

- Alle barna må ha med høvelege klede til barnehagen kvar dag knytt til dei ulike årstidene.

## Medisinskjema

- Dersom barnet ditt treng medisin i løpet av daen, nyttar vi skjema for medisinbruk.

## Opningstider

- Barnehagen har opningstid på 10 t 15 min. den ordinære opningstida er satt til 0700-1630. Har ein behov for tilpassa opningstid, ta kontakt med pedagogisk leiar på avdeling eller styrar.

## Oppholdsbetaling

- Satsane for foreldrebetalinga er satt av kommunestyret. Ha ein fleire barn i barnehagen vil ein få søskenmoderasjon på barn nr 2, 3 etc.

## Oppseiing av bhgplass

- Ønsker du å seie opp barnehageplassen gjer du det på same staden som du søke om plass. Barnehagen har 3 månader oppseiingstid.

## Oppstartssamtale

- Alle foresatte får tilbod om ein oppstartssamtale første dagane barnet tek til i barnehagen, samtalen har ein pedagogisk leiar på avdelinga.

## Overgang bhg/skule

- Barnehagen har tett samarbeid med barneskulane i kommuna. Kommuna har eit felles årshjul som vi nyttar knytt til overgangen barnehage/skule. Vi jobbar aktivt med forbereding til skulestart i førskulegruppa gjennom barnet sitt siste år i barnehagen.

## Psykososialt barnehagemiljø

- Barnehagen har fått nytt regelverk for barnehagemiljø som gjeld frå 01.01.2021, dette skal sørge for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Barnehagen skal arbeide kontinuerlig for å fremje barna sin helse, trivsel, leik og læring, for å førebyggje at barn opplever at barnehagemiljøet ikkje er trygt og godt.

## Planleggingsdagar

- Det er 5 planleggingsdagar i eit barnehageår, barnehagen er då stengt.

## Samba - saman om barna

- Eit tverrfagleg samarbeid om barn frå 0-6 år, med foreldre/føresette som viktige samarbeidspart.

## Samarbeid med andre instansar

- Barnehagen samarbeider med andre instansar ved behov for det, dette kan vere seg barnevernet, helsestasjonen, andre barnehagar, PPT, kulturskulen og skulane i kommuna.

## SU

- Samarbeidsutvalet er eit rådgivande, kontaktskapande og amordna organ. SU skal alltid godkjenne årsplanen for kvart år. Samarbeidsutvalet består av:
  - 2 foreldrerepresentantar
  - 2 tilsettere representantar
  - 1 lokal politikar, representerer eigar - Sula kommune.
  - Styrar i barnehagen er sekretær i SU

## Sjukdom

- For at barnet skal kunne gå i barnehagen skal det vere friskt og allemnntilstanden tilseie at barnet klarer å delta på dei daglege aktivitetane i barnehagen. Er ein i tvil om ein kan sende barnet i barnehagen - ta kontakt med personalet på avdelinga.

## Sovevakt

- Ein voksen følger med på barna som søv. Vognvakta står ved vognene heile tida for å ha oversikt. Sovevakta har ansvar for dags-rapporten og skal notere ned sovetida på den.

## Styringsform

- Langevåg barnehage er ein kommunal barnehage.

## Styringsdokument

- Langevåg barnehage er ei pedagogisk verksemd som blir drifta etter gjeldande lover og regelverk for drift av barnehagar.

## Tilvenning

- Det er viktig å huske at alle barn/familiar er unike og derfor er aldri to tilvenningar like. Alt frå nokre dagar til fleire veker/mnd er normalt for ein tilvenningsperiode. Les meir om tilvenning i årsplanen vår.

## Tilsette

- I Langevåg barnehagen har vi 28 tilsette fordelt på 25,5 stilling.

## Vedtekter

- Det er kommunestyret i Sula som setter vedtektene for dei kommunale barnehagane. Vedtektene ligg på Sula kommune sine sider.

## Visjonen vår

- *Leik, læring og gode venner!*

